

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
030/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/1490	18/7953

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- Regionrådet Nordhordland – protokoll møte 13. april 2018
- Folkehelsearbeid i kommunane – presentasjon regionrådet
- Region Nordhordland – utvikling og trendar – presentasjon regionrådet
- Invest in Bergen – løypemelding april 2018
- Region Bergen Reiseliv – løypemelding april 2018
- Krafttak for ungdom i Hordaland – ope brev til ordførarane
- Nordhordland Revisjon IKS – møteutskrift 2. mai 2018
- Fellesnemnda for Alver kommune – møtebok 7. mai
- Orienteringar ordførar/rådmann

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Formannskapet i Radøy - 030/2018

FS - handsaming:

17. mai-støtte: Ordførar Jon Askeland orienterte om søknad frå FAU på Sæbø skule om støtte til innkjøp av utstyr til 17. mai-feiring i krinsen. FAU har kjøpt utstyr frå Sæbø skulemusikklag - som tidlegare har hatt ansvaret for gjennomføringa av 17.mai-feiringa. Skulekorpset skal framleis vederlagsfritt kunne bruka utstyret dei har overført til FAU.

Formannskapet meiner søknaden om tilskot ikkje er i samsvar med bruken av tilskotsordninga formannskapet har oppretta for innkjøp av utstyr til 17. mai-komiteane. Formannskapet imøtekjem difor ikkje søknaden.

I formannskapet kom det fram ulike tilbakemeldingar frå 17. mai-komiteane på tilskotsordninga. Nokon gir uttrykk for at dei har behov for driftstilskot, andre meiner støtte til innkjøp av utstyr er ei god ordning.

Formannskapet konkluderte med at denne saka vert tatt opp på nytt til hausten.

Møteplan haust 2018:

Det vart lagt fram følgjande utkast til politisk møteplan for hausten 2018:

Formannskapet	4. sept. (tysdag)
Hovudutvalet	12. sept.
Formannskapet	4. okt.

Kommunestyret	18. okt.
Hovudutvalet	24. okt.
Formannskapet	8. nov.
Formannskapet	22. nov.
Hovudutvalet	5. des.
Kommunestyret	6. desember

Formannskapet tok møteplan til etterretning.

Krafttak for ungdom: Ordføreren orienterte om ope brev til ordførarane - Krafttak for ungdom.

Formannskapet ber ordføreren i første omgang gje eit positivt svar på innhaldet i brevet.

Formannskapet ønskjer til hausten å jobba vidare med utfordringane og spørsmåla som kjem fram i brevet.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

FS - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Regionrådet Nordhordland _ protokoll møte 13. april 2018
 Folkehelsearbeid i kommunane _ presentasjon i regionrådet
 Region Nordhordland - utvikling og trendar _ regionrådet
 Invest in Bergen - løypemelding april 2018
 Region Bergen Reiseliv - løypemelding april 2018
 Krafttak for ungdom i Hordaland - ope brev til ordførarane
 Nordhordland Revisjon IKS - møteutskrift 02.05.18
 Fellesnemnda møtebok 7_mai 2018